



## Møteprotokoll for Utval for areal, plan og miljø

**Møtedato:** 10.03.2021  
**Møtestad:** Teams  
**Møtetid:** 09:00 - 16:00

| Frammøtte medlemmer   | Parti | Rolle       |
|-----------------------|-------|-------------|
| Malin Helene Andvik   | KRF   | Utvalsleiar |
| Anne Grete Eide       | AP    | Nestleiar   |
| Kenneth Taule Murberg | H     | Medlem      |
| Ingrid Fjeldsbø       | H     | Medlem      |
| Heine Fyllingsnes     | H     | Medlem      |
| Ståle Hopland         | UAVH  | Medlem      |
| Sveinung Toft         | V     | Medlem      |

| Forfall meldt frå medlem: | Parti | Rolle  |
|---------------------------|-------|--------|
| Jogeir Romarheim          | KRF   | Medlem |
| Vigdis Villanger          | SP    | Medlem |

| Frammøtte varamedlemmer: | Parti | Erstatter medlem |
|--------------------------|-------|------------------|
| Jon Vidar Sakseide       | KRF   | Jogeir Romarheim |
| Leif Gunnar Taule        | SP    | Vigdis Villanger |

### Følgjande frå administrasjonen møtte:

Arne Eikefet-rådgjevar Næring og utvikling, Hans Kristian Dolmen-rådgjevar Plan og analyse, Hogne Haugsdal-kommunalsjef, Inger Marie Jordal-prosjektleiar, Kristin Nåmdal-tenesteleiar Plan og analyse, Laila Bjørge-rådgjevar Landbruk, Line Merete Valle-leiar for Investeringsprosjekt, Mikkel Bengtsson-rådgjevar Landbruk, Siril Sylta-tenesteleiar Arealforvaltning, Tone Furustøl-rådgjevar Miljø og tilsyn, Nora Gjerde-sekretær.

---

## Sakliste

---

| Saknr | Tittel |
|-------|--------|
|-------|--------|

- 026/21 Godkjenning av innkalling og saksliste
- 027/21 Godkjenning av møteprotokoll
- 028/21 Delegerte saker
- 029/21 Referatsaker
- 030/21 Fastsetjing av planprogram for detaljregulering Grøn omstilling av Mongstad gbnr 127/91 mfl. Planid 46312020006
- 031/21 2. gongs handsaming - Detaljreguleringsplan for Risøy, del av gnr. 81, bnr. 1 mfl.
- 032/21 Detaljreguleringsplan for Ytre Eidsnes gbnr. 215/2 mfl. PlanID 46312020004
- 033/21 Områdeplan Knarvik - Endring - 2. gongs handsaming - Godkjenning
- 034/21 Søknad om dispensasjon og løyve til frådeling - gbnr 418/10 Villanger
- 035/21 Byggesak GBNR 146/6 Fosse Ytre - dispensasjon
- 036/21 Klage på avslag på søknad om dispensasjon for oppføring av dobbelt naust - gbnr 83/1 Spjotøy
- 037/21 Klage på avslag på søknad om dispensasjon for oppføring av dobbelt naust - gbnr 83/1 Spjotøy
- 038/21 Klage på avslag på søknad om konsesjon - gbnr 219/1 Vike
- 039/21 Klage på vedtak om dispensasjon frå kravet til detaljregulering og kravet om stenging av Lyngvegen- gbnr 188/385 Gjervik ytre
- 040/21 Klage på avslag på søknad om dispensasjon og søknad om oppretting av ny grunneigedom - gbnr 355/4 Skjelanger
- 041/21 Klage på avslag på søknad om dispensasjon og søknad om oppføring av båtgarasje med bod - gbnr 102/9 Vabø
- 042/21 Klage på avslag på søknad om dispensasjon for støypt båttopptrekk - gbnr 172/1 Hopland
- 043/21 Kulturminner i Alversund - løyve og lemstove
- 044/21 Meldingar og orienteringar til APM - 10.03.2021
- 045/21 Rullering av planstrategi 2020 - 2023 Alver kommune

## **026/21: Godkjenning av innkalling og saksliste**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

### **Utval for areal, plan og miljø 10.03.2021:**

#### **Behandling:**

Endring rekkefølge saksliste: Sak 043/21 vart handsama etter sak 033/21 og sak 045/21 vart handsama før sak 044/21.

Merknad frå Anne Grete Eide-Åp: I planprogram-sakene må det koma tydeleg fram kva plan det gjeld.

Merknad frå Svenung Toft-V: På forsida av innkallinga må det koma fram kva orienteringar som vert lagt fram i møtet.

Ellers ingen merknader, samrøystes.

#### **APM- 026/21 Vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

## **027/21: Godkjenning av møteprotokoll**

Møteprotokollen vert godkjent.

### **Utval for areal, plan og miljø 10.03.2021:**

#### **Behandling:**

Møteprotokoll frå møtet - 03.02.2021 vert godkjent, samrøystes.

#### **APM- 027/21 Vedtak:**

Møteprotokoll frå møtet - 03.02.2021 er godkjent.

## **028/21: Delegerte saker**

Meldinga vert teke til orientering

**Utval for areal, plan og miljø 10.03.2021:**

**Behandling:**

Ingen merknader, samrøystes.

**APM- 028/21 Vedtak:**

Meldinga vert teke til orientering

**029/21: Referatsaker**

Meldinga vert teke til orientering

**Utval for areal, plan og miljø 10.03.2021:**

**Behandling:**

Ingen merknader.

**APM- 029/21 Vedtak:**

Meldinga vert teke til orientering

**030/21: Fastsetjing av planprogram for detaljregulering Grøn omstilling av Mongstad  
gbnr 127/91 mfl. Planid 46312020006**

**Utval for areal, plan og miljø 10.03.2021:**

**Behandling:**

Orientering til saka v/Christian Frønsdal-Multiconsult

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**APM- 030/21 Vedtak:**

**Innstilling frå APM - 10.03.2021:**

"Alver kommunestyre fastset planprogram dagsett 7.12.2020 med siste revisjonsdato 19.2.2021 som grunnlag for vidare utarbeiding av detaljreguleringsplan for Grøn omstilling av Mongstad, gbnr. 1 27/91 mfl. PlanID 4631 2020006. Vedtaket er fatta med heimel i plan- og bygningslova § 1 2-9 tredje ledd og forskrift om konsekvensutredninger § 1 6.).

**031/21: 2. gongs handsaming - Detaljreguleringsplan for Risøy, del av gnr. 81, bnr. 1 mfl.**

**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til detaljreguleringsplan for Risøy, del av gnr. 81, bnr. 1 mfl. PlanID 4631 2020 001, som vist på plankart sist datert 1.2.2021 og med føresegner av revisjonsdato 1.2.2021. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 12 – 12.»

**Utval for areal, plan og miljø 10.03.2021:**

**Behandling:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**APM- 031/21 Vedtak:**

**Innstilling frå APM - 10.03.2021:**

«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til detaljreguleringsplan for Risøy, del av gnr. 81, bnr. 1 mfl. PlanID 4631 2020 001, som vist på plankart sist datert 1.2.2021 og med føresegner av revisjonsdato 1.2.2021. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 12 – 12.»

**032/21: Detaljreguleringsplan for Ytre Eidsnes gbnr. 215/2 mfl. PlanID 46312020004**

«Alver kommunestyre fastset planprogram dagsett 19.02.2021 som grunnlag for vidare utarbeiding av detaljreguleringsplan for Ytre Eidsnes gbnr. 215/2 mfl. PlanID 46312020004. Vedtaket er fatta med heimel i plan- og bygningslova § 12-9 tredje ledd og forskrift om konsekvensutredningar § 16.»

**Utval for areal, plan og miljø 10.03.2021:****Behandling:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**APM- 032/21 Vedtak:****Innstilling frå APM - 10.03.2021:**

«Alver kommunestyre fastset planprogram dagsett 19.02.2021 som grunnlag for vidare utarbeiding av detaljreguleringsplan for Ytre Eidsnes gbnr. 215/2 mfl. PlanID 46312020004. Vedtaket er fatta med heimel i plan- og bygningslova § 12-9 tredje ledd og forskrift om konsekvensutredningar § 16.»

**033/21: Områdeplan Knarvik - Endring - 2. gongs handsaming - Godkjenning****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Alver kommunestyre godkjenner framlegg til endring av Områdeplan for Knarvik, planID 1263-201002.

Gjeldande plandokument vert etter dette føresegn og plankart datert hhv xx.yy.2021 og 02.11.2020.

Vedtaket har heimel etter plan- og bygningslova § 12-12

### **Utval for areal, plan og miljø 10.03.2021:**

#### **Behandling:**

Hans Kristian Dolmen-rådgjevar Plan og analyse orienterte og svara på spørsmål.

#### **Framlegg frå Malin Andvik-Krf:**

##### ***Endring til rådmannen sitt framlegg:***

Utval for areal, plan og miljø ønsker å endre føresegn 1 6.1 til at område bs7, bs8, bs13 og bs14 tas ut. Føresegn blir omformulert i samsvar med det. Framlegget vart vedteke med 8 røyster, mot 1 røyst (Leif Taule-Sp)

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **APM- 033/21 Vedtak:**

#### **Innstilling frå APM - 10.03.2021:**

Alver kommunestyre godkjenner framlegg til endring av Områdeplan for Knarvik, planID 1263-201002. Gjeldande plandokument vert etter dette føresegn og plankart datert hhv xx.yy.2021 og 02.11.2020. Vedtaket har heimel etter plan- og bygningslova § 12-12

Utval for areal, plan og miljø ønsker å endre føresegn 1.6.1 til at område bs7, bs8, bs13 og bs14 tas ut. Føresegn blir omformulert i samsvar med det.

### **034/21: Søknad om dispensasjon og løyve til frådelling - gbnr 418/10 Villanger**

#### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå vilkår nr. 3 i punkt 3.4.3 i føresegnene til kommunedelplan for Radøy om avstand til**

**driftsbygning.**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m, 20-2 og 20-4, bokstav d vert det gjeve løyve til oppretting av ny grunneigedom på om lag 1236m<sup>2</sup> frå gbnr 418/10. Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:**

- **Gbnr 418/47 skal samanføyast med gbnr 418/10 seinast samstundes med oppmålingsforretninga.**
- **Retten til tilkomst for den nye grunneigedommen over gbnr 418/10 skal sikrast gjennom tinglyst erklæring seinast samstundes med oppmålingsforretninga.**
- **Den nye grunneigedommen skal ha gjerdeplikt mot gbnr 418/10 og overta gjerdeplikta mot naboeigedomane for sin del. Dette berre dersom gjerdeplikta kviler på gbnr 418/10.**
- **Nøyaktig storleik på areal vert klarlagt i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.**

**Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering jf. pbl § 21-9.**

**Utval for areal, plan og miljø 10.03.2021:**

**Behandling:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**APM- 034/21 Vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå vilkår nr. 3 i punkt 3.4.3 i føresegnene til kommunedelplan for Radøy om avstand til driftsbygning.

Med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m, 20-2 og 20-4, bokstav d vert det gjeve løyve til oppretting av ny grunneigedom på om lag 1236m<sup>2</sup> frå gbnr 418/10. Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:



- Gbnr 418/47 skal samanføyast med gbnr 418/10 seinast samstundes med oppmålingsforretninga.
- Rett til tilkomst for den nye grunneigedommen over gbnr 418/10 skal sikrast gjennom tinglyst erklæring seinast samstundes med oppmålingsforretninga.
- Den nye grunneigedommen skal ha gjerdeplikt mot gbnr 418/10 og overta gjerdeplikta mot naboeigedomane for sin del. Dette berre dersom gjerdeplikta kviler på gbnr 418/10.
- Nøyaktig storleik på areal vert klarlagt i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering jf. pbl § 21-9.

### **035/21: Byggesak GBNR 146/6 Fosse Ytre - dispensasjon**

#### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet og plan- og bygningslova § 1-8 for oppføring av nytt kai og privat VA-anlegg på gbnr 146/6.**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve rammeløyve for oppføring av kai og privat VA-anlegg på følgjande vilkår:**

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 10.08.2020 og 04.09.2020 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Toleransegrense for plassering av tiltak vert sett til +/- 20 cm i vertikalplanet og +/- 50 cm i horisontalplanet.
3. Tiltaket skal knytast til privat avlaupsanlegg i samsvar med utsleppsløyve i vedtak 1286/20 datert 11.12.2020 og utførast i samsvar med godkjent situasjonsplan.
4. Det må innhentast løyve frå Bergen Hamn til tiltaket som blir lagt ved søknad om igangsettingsløyve.

**Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgande ligge føre:**

1. **Ferdigattest/mellombels bruksløyve for VA-anlegget.**
2. **Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen i form av KOF-filformat eller SOSI-fil (versjon 4 eller nyare) for oppdatering av kommunen sitt kartverk.**

### **Bortfall av løyve**

**Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.**

**Utval for areal, plan og miljø 10.03.2021:**

### **Behandling:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **APM- 035/21 Vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet og plan- og bygningslova § 1-8 for oppføring av nytt kai og privat VA-anlegg på gbnr 146/6.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve rammeløyve for oppføring av kai og privat VA-anlegg på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 10.08.2020 og 04.09.2020 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Toleransegrense for plassering av tiltak vert sett til +/- 20 cm i vertikalplanet og +/- 50 cm i horisontalplanet.
3. Tiltaket skal knytast til privat avlaupsanlegg i samsvar med utsleppsløyve i vedtak 1286/20 datert 11.12.2020 og utførast i samsvar med godkjent situasjonsplan.
4. Det må innhentast løyve frå Bergen Hamn til tiltaket som blir lagt ved søknad om igangsettingsløyve.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgande

ligge føre:

1. Ferdigattest/mellombels bruksløyve for VA-anlegget.
2. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen i form av KOF-filformat eller SOSI-fil (versjon 4 eller nyare) for oppdatering av kommunen sitt kartverk.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

### **036/21: Klage på avslag på søknad om dispensasjon for oppføring av dobbelt naust - gbnr 83/1 Spjøtøy**

#### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK**

Klagen vert ikkje teke til følgje og vedtak i sak 20/15639, datert 21.12.2020, vert sendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

#### **Utval for areal, plan og miljø 10.03.2021:**

##### **Behandling:**

##### **Framlegg frå Sveinung Toff-V:**

Klagen vert teke til følgje og vedtak i sak 20/15639, datert 21.12.2020 vert oppheva.

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå plan og bygningslova § 1-8, LNF-føremålet i Kommuneplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden 2011 – 2023 og § 4.34 i kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden 2011 – 2023 for oppføring av omsøkt

dobbeltnaust.

Grunngjevinga for vedtaket om dispensasjon etter § 19-2 i plan- og bygningslova er at ein dispensasjon i denne saka ikkje vesentleg vil setja til side omsynet bak byggjeforbodet i LNF-området, samt at det ligg føre ei overvekt av fordelar i høve til ulemper knytt til tiltaket.

Grunngjeving:

Omsyna bak byggjeforbodet i LNF området er å ivareta landbruk, natur, landskap- og friluftsiresser, slik at desse arealinteressene ikkje vert forringa eller får redusert kvalitet. Omsyna bak byggjeforbodet i LNF-området vert etter utvalet si vurdering ikkje vesentleg sett til side ved at det vert gjeve dispensasjon for omsøkt dobbeltnaust. Det vert her vektlagt at arealet som var avsett til dei to nausta i kommunedelplanen hadde ei ugunstig form som var lite tilpassa terrengtilhøva på staden, og at arealet som no vert omsøkt bygd på ikkje er større enn det som ligg inne som byggjeområde i kommuneplanen.

Ulempene er som følgjer:

Det er ei ulempe at det vert gjeve dispensasjon, då byggjeforbodet i LNF område i utgangspunktet vert praktisert strengt.

Fordelane er som følgjer:

-Endring av plasseringa vil ikkje medføra ulemper for ålmenne interesser knytt til miljø, friluftslø, kulturminne, eller forringa kvaliteten til landskapet på staden, jf. dei omsyn LNF-føremålet på staden er meint å ivaretaka.

-Den omsøkte lokalisering vil medføra at ein unngår sprenging på sør og austsida av dobbeltnaustet.

-Den omsøkt plassering gjev nausta kontakt med vassflata ved høgvatn, så båtar lettare kan takast inn i nausta, slik at funksjonaliteten bygget skal ha knytt til båtbruk vert betre.

-Omsøkt lokalisering sikrar at det vert god tilkomst rundt dobbeltnaustet mot aust, ved at det vert større avstand til hytta på feste nr. 2.

-Dobbeltnaustet vil ikkje stenga vågen meir enn det 2 separate naust innafor det avsette arealet til naust i kommuneplanen ville ha gjort.

Utval for areal, plan og miljø vurderer difor at fordelane er klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Begge vilkåra for å kunna gje dispensasjon frå byggjeforbodet i LNF området i medhald av plan- og bygningslova sin § 19-2 er difor oppfylgd.

Utval for areal, plan og miljø viser til at etter pbl § 19-2 første ledd, så kan det setjast vilkår for dispensasjonen. I dette tilfellet meiner utvalet at det er rett å gje dispensasjon på bakgrunn av argumenta vist ovanfor utan vilkår.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

### **APM- 036/21 Vedtak:**

Klagen vert teke til følgje og vedtak i sak 20/15639, datert 21.12.2020 vert oppheva.

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå plan og bygningslova § 1-8, LNF-føremålet i Kommuneplan for Lindåsosane,

Lygra og Lurefjorden 2011 – 2023 og § 4.34 i kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden 2011 – 2023 for oppføring av omsøkt dobbeltnaust.

Grunngjevinga for vedtaket om dispensasjon etter § 19-2 i plan- og bygningslova er at ein dispensasjon i denne saka ikkje vesentleg vil setja til side omsynet bak byggjeforbodet i LNF-området, samt at det ligg føre ei overvekt av fordeler i høve til ulemper knytt til tiltaket.

Grunngjeving:

Omsyna bak byggjeforbodet i LNF området er å ivareta landbruk, natur, landskap- og friluftsiinteresser, slik at desse arealinteressene ikkje vert forringa eller får redusert kvalitet. Omsyna bak byggjeforbodet i LNF-området vert etter utvalet si vurdering ikkje vesentleg sett til side ved at det vert gjeve dispensasjon for omsøkt dobbeltnaust. Det vert her vektlagt at arealet som var avsett til dei to nausta i kommunedelplanen hadde ei ugunstig form som var lite tilpassa terrengtilhøva på staden, og at arealet som no vert omsøkt bygd på ikkje er større enn det som ligg inne som byggjeområde i kommuneplanen.

Ulempene er som følgjer:

Det er ei ulempe at det vert gjeve dispensasjon, då byggjeforbodet i LNF område i utgangspunktet vert praktisert strengt.

Fordelane er som følgjer:

-Endring av plasseringa vil ikkje medføra ulemper for ålmenne interesser knytt til miljø, friluftslø, kulturminne, eller forringa kvaliteten til landskapet på staden, jf. dei omsyn LNF-føremålet på staden er meint å ivaretaka.

-Den omsøkte lokalisering vil medføra at ein unngår sprenging på sør og austsida av dobbeltnaustet.

-Den omsøkt plassering gjev nausta kontakt med vassflata ved høgvatn, så båtar lettare kan takast inn i nausta, slik at funksjonaliteten bygget skal ha knytt til båtbruk vert betre.

-Omsøkt lokalisering sikrar at det vert god tilkomst rundt dobbeltnaustet mot aust, ved at det vert større avstand til hytta på feste nr. 2.

-Dobeltnaustet vil ikkje stenga vågen meir enn det 2 separate naust innafor det avsette arealet til naust i kommuneplanen ville ha gjort.

Utval for areal, plan og miljø vurderer difor at fordelane er klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Begge vilkåra for å kunna gje dispensasjon frå byggjeforbodet i LNF området i medhald av plan- og bygningslova sin § 19-2 er difor oppfølgt.

Utval for areal, plan og miljø viser til at etter pbl § 19-2 første ledd, så kan det setjast vilkår for dispensasjonen. I dette tilfellet meiner utvalet at det er rett å gje dispensasjon på bakgrunn av argumenta vist ovanfor utan vilkår.

**037/21: Klage på avslag på søknad om dispensasjon for oppføring av dobbelt naust  
- gbnr 83/1 Spjotøy**

## **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK**

Klagen vert ikkje teke til følgje og vedtak i sak 20/19259, datert 17.12.2020, vert sendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

## **SAKSUTGREIING**

### **Saksopplysningar**

Eigedom: Gbnr 83/1  
Adresse: Gbnr 83/1 – Spjotøyvegen 347, 5955 Lindås

Tiltakshavar: Sindre Nævdal – fester av gbnr 83/1/11

Eigar: Jakob Valle og Anna Kristina Valle – gbnr 83/1  
Klagar: Kirsten Emilie Nævdal v/ansvarleg søkjar, Arkitekt Mette Kyed Thorson

Saka gjeld klage på delegert vedtak, i sak 20/19259, datert 17.12.2020, om avslag på søknad om dispensasjon for oppføring av dobbelt naust.

Vedtaket har følgjande ordlyd

«Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det ikkje gjeve dispensasjon frå plan og bygningslova § 1-8, LNF-føremålet i Kommuneplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden 2011 – 2023 og § 4.34 i Kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden 2011 – 2023 for oppføring av dobbelt naust.

Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.»

Sak 20/19259 og sak 20/15639 må sjåast i samanheng. Begge sakene gjeld bygging av eit dobbelt naust, men det er ulike tiltakshavarane i dei to sakene. Ansvarleg søkjar har sendt inn felles beskrivelse i begge sakene og sendt inn separate søknader for kvart naust. Kommunen har registrert ein søknad for kvart naust – sak 20/19259 og sak 20/15639, men vurderinga i sakene om oppføring av to naust i form av dobbelt naust vert likelydande.

Saka gjeld søknad om dispensasjon for oppføring av nytt dobbelt naust knytt til areal avsett til #10 på Spjøtøy, i Kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden 2011 -2023.

Bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 36 m<sup>2</sup> og bygd areal (BYA) ca. 39 m<sup>2</sup> for det enkelte naust. Utnyttingsgrad i gjeldande plan er opplyst til 40 BRA.

Nausta er plassert i bunnen av en eksisterande våg, men heile vågen har lav vannstand og det er derfor dobbeltnaustet er trukket noko lenger fram mot sjø. Nausta gjerast smalare enn den skravur som er vist som naustområde # 10 på KDP kart av omsyn til å ikkje måtte sprengje på tomta.

Dei omsøkte nausta har takvinkel på 30 grader.

Tiltaket skal plasserast innanfor område med fare for stormflo. For tiltak som i kraft av sin funksjon skal ligge i områder med naturfare, må tiltaket dimensjonert for å tole påkjenninga. Søkjar opplys at tiltaket blir dimensjonert i tråd med akseptkriterie i teknisk forskrift for stormflo.

Ansvarleg søkjar har elles stadfesta at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen la denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Tiltaket ligg i avgrensing til, men utanfor, Lurefjorden og Lindåsosane marint verneområde, og kommune har vurdert tiltaket etter naturmangfaldlova § 49. Tiltaket omfattar utfylling og bygging av naust. Basert på innkommen søknad vil ikkje ei utfylling vera i strid med marint verneområde som startar på -2 meter. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova § 49.

Det ligg føre uttale frå NVE den 10.12.2020 som ikkje har merknader. Det ligg føre negativ uttale frå Statsforvaltaren i Vestland den 14.12.2020 som rår ifrå dispensasjon.

Det er lagt ved eit nytt situasjonskart til klagen som viser nausta sin plassering i høve planomrisset og tilkomst for almenda rundt nausta.

## **Klage**

Kommunen har den 11.01.2020 mottatt klage, datert 10.01.2020, frå tiltakshavar v/ansvarleg søkjar, Arkitekt Mette Kyed Thorson.

## **Klagerett og klagefrist**

Part i saka har man klagerett.

Vedtaks sak 20/19259, datert 17.12.2020, er sendt ut 21.12.2020 . Klagen er mottatt innan den 11.01.2020 og er mottatt innan fristen.

## **Sakshandsamingsfrist**

Kommunen sin frist for å saksførebu klagesaka for klageorganet er 8 veker. Saka blir behandla av Utval for areal , plan og miljø (APM) i møte den 10.03.2021 og fristen for handsaming vert broten med to dagar.

Om klagen ikkje vert teke til følgje vert saka sendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd så snart møtebok ligg føre, og seinast innan 2 veker etter møtedato.

Om klagen vert teke til følgje, vert vedtaket eit nytt enkeltvedtak som partane kan klaga på. Vedtaket skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland til klagevurdering.

## **Historikk**

Det ligg føre tre saker på gbnr 83/1 Spjotøy som kan belyse noverande sak:



1. Referat frå førehandskonferanse - sak 20/11683.
2. Gyldig vedtak om dispensasjon for 2 naust innanfor naustområde #10 – sak 19/1570.
3. Avslutta trekt sak utan vedtak om plassering og etablering av 1 naust utanfor naustområde #10 med klage frå Statsforvaltaren i Vestland på administrativt vedtak – sak 18/3607.

Det ligg føre referat frå førehandskonferanse i sak 20/11683 den 29.06.2020 – gbnr 83/1 Spjøtøy. Det vart gitt følgjande råd: «Nausta bør førast opp i samsvar med gjeldande plangrunnlag. Dersom de ønskjer å søkja om plassering utanfor avsett naustområde #10 tilrår vi at avviket frå plangrunnlaget vert minst mogleg, jf. tidlegare omsøkt plassering som vart påklagd av fylkesmannen i arkivsak 18/3607.»

I sak 19/1570 var det søkt om og gjeve gitt dispensasjon for oppføring av 2 naust innanfor naustområde #10 av Plan- og miljøutvalet i Lindås kommune i sak 19/1570 i møte 18.09.2019 – gbnr 83/1. Vedtaket vart ikkje påklaga av Statsforvaltaren i Vestland og det ligg føre eit gyldig vedtak. Vedtaket gjeld i 3 år.

I sak 18/3607 var det søkt om 2 naust utanfor naustområde #10, men administrasjonen gav i delegert vedtak løyve til 1 naust. Plassering og etablering av 1 naust utanfor naustområde #10 vart påklagd av fylkesmannen i arkivsak 18/3607 - gbnr 83/1. Klagen var ikkje behandla då ansvarleg sækjar trakk søknad om dispensasjon og saka vart avslutta utan endeleg avgjerd. Naust var her plassert lengre ute i sjø enn omsøkte tiltak i vår sak.

Plassering av naust innafor #10 i arkivsak 19/1570 – gbnr 83/1



Situasjonplan i arkivsak 18/3607 -gbnr 83/1



Referat frå førehandskonferanse, vedtak om dispensasjon for 2 naust innanfor naustområde #10 samt klagen frå Statsforvaltaren i Vestland på administrativt vedtak om plassering og

etablering av 1 naust utanfor naustområdet, er lagt ved som vedlegg.


### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden 2011-2023 (KDP) er definert som #10 og LNF.

### Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8, dispensasjon frå LNF-føremålet i gjeldande kommunedelplan og punkt 4.34 som omfattar at naust skal vera enkeltstående og ha ein takvinkel mellom 35 og 45 grader.

### Kart/foto



### Klagegrunnar

Klagen er i hovudsak grunngjeve med følgjande:

Klagar opplys om at arealet, som er lagt ut til naust i KDP, har ein uhensiktsmessig form. Dette

skyldast overgang frå teikna kart til digitale kart og det følgjer vannlinje ved flo. Med omsøkte plassering, så unngår ein sprenging på sør og østsida av nausta, kontakt med vannspeilet ved høyyvann slik at båtar kan tas inn og ut av nausta, gjer det mogleg å ta seg rundt nausta mot øst der fjellsida vest for nausta er bratt samt at eit dobbelt naust tar ikkje meir plass enn to separate naust. Det er ein mindre justering og tilpassing til terreng og omgjevnader. Størsteparten av nausta er innafør planomrisset. På bakgrunn av at tiltaket er tilpassa faktiske forhold i terrenget, så må planomrisset fråvikes.

Alle fire eksisterande naust i naustområdet mot nordvest har takvinkel 27 grader, som var

kravet i reguleringsplan for Spjotøy som tidlegare var gjeldande for området. Fleire av de

eksisterande naust er også bygga saman. Omsøkte naust med 30 graders tak passer derfor godt til den eksisterande naustbebyggelse både med omsyn til bygningstype og takvinkel.

Det vert vist til klagen i sin heilskap som følgjer vedlagt.

## **VURDERING**

Administrasjonen viser til vurderinga som vart gjort ved handsaminga av søknaden og legg denne til grunn. Det vart gjort følgjande vurdering:

*«Administrasjonen si vurdering er at omsyna bak plan- og bygningslova § 1-8, dispensasjon frå LNF-føremålet i gjeldande kommuneplan og punkt 4.34 i gjeldande kommuneplan vert sett vesentleg til side som følgje av tiltaket det er søkt om dispensasjon for.*

*Når omsynet vert sett vesentleg til side er det ikkje grunnlag for å vurdere om fordelane ved dispensasjon er større enn ulempene.*

*Vilkåra for å gje dispensasjon er ikkje oppfylt. Når det ikkje vert gjeve dispensasjon vert søknaden avslått.*

*I vurderinga av fordelar og ulemper har kommunen særleg lagt vekt på at:*

- 1. Fylkesmannen i Vestland har i brev datert 14.12.2020 lagt vekt på at naustet må plasserast innanfor området sett av til LNF-spreidd naust og vera i samsvar med føresegn 4.34 i gjeldande kommuneplan.*

2. *Området har store strandsoneverdiar og vika er ein del av friluftsområdet Lindåspollane/Lindåsosane som er vurdert som svært viktig. Kommunens vurdering er at tiltaket kjem i konflikt med plan- og bygningslova § 1-8 i og med at Fylkesmannen i Vestland vurderer at tiltaket må plasserast innanfor LNF-spreidd naust er det ikkje grunnlag for å gje dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8.*
  
3. *Fylkesmannen rår ifrå dispensasjon i denne saka. Kommunen bør ikkje gje dispensasjon dersom statleg eller regional styresmakt har uttalt seg negativt jf. pbl. § 19-2 fjerde ledd.*

*Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra for å gje dispensasjon i saka ikkje er oppfylt.»*

Klagen er i hovudsak grunngjeven i dei same argumenta som låg føre ved søknaden om dispensasjon og er vurdert i det delegerte vedtaket av administrasjonen.

Administrasjonen si vurdering er at omsyna bak både LNF-føremålet og strandsonevernet vert vesentleg sett tilside ved oppføring av naustet slik det er søkt om på følgjande bakgrunn:

1. Naust skal plasserast innfor planomrisset og vere enkeltstående naust med ein takvinkel mellom 35 og 45 grader slik KDP legg opp til då det er dette som er vurdert i ein overordna planprosess.
2. Ein dispensasjon i sak vil sette til side KDP som styringsverktøy.
3. No som naust delvis er plassert er utanfor planomrisset, vil det føre til terrengingrep i form av fylling i sjø
4. Området har store strandsoneverdiar og vika er ein del av friluftsområdet Lindåspollane/Lindåsosane
5. Ei dobbelt naust vert meir dominerande i landskapet enn enkelt naust, også sett ifrå sjø.
6. Presedensverknaden for private tiltak er stor da like tilfelle skal behandlast likt.

Når omsynet vert sett vesentleg til side, er det ikkje grunnlag for å vurdere om fordelane ved dispensasjon er større enn ulempene.

I tillegg kjem Statsforvaltaren i Vestland si negative uttale som administrasjonen har lagt vekt på, også i klageomgangen. Kommunen bør ikkje gi dispensasjon når regional mynde har uttalt seg negativt til søknaden.

## **Konklusjon**

Det er rådmannen si vurdering at det ikkje har kome fram nye opplysningar i klagesaka som tilseier at klagen skal takast til følgje og vedtaket gjerast om.

På denne bakgrunn rår rådmannen til at klagen ikkje vert tatt til følgje.

## **Utval for areal, plan og miljø 10.03.2021:**

### **Behandling:**

#### **Framlegg frå Sveinung Toff-V:**

Klagen vert teke til følgje og vedtak i sak 20/19259, datert 17.12.2020 vert oppheva.

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå plan og bygningslova § 1-8, LNF-føremålet i Kommuneplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden 2011 – 2023 og § 4.34 i kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden 2011 – 2023 for oppføring av omsøkt dobbeltnaust.

Grunngjevinga for vedtaket om dispensasjon etter § 19-2 i plan- og bygningslova er at ein dispensasjon i denne saka ikkje vesentleg vil setja til side omsynet bak byggeforbodet i LNF-området, samt at det ligg føre ei overvekt av fordeler i høve til ulemper knytt til tiltaket.

#### **Grunngjeving:**

Omsyna bak byggeforbodet i LNF området er å ivareta landbruk, natur, landskap- og friluftinteresser, slik at desse arealinteressene ikkje vert forringa eller får redusert kvalitet. Omsyna bak byggeforbodet i LNF-området vert etter utvalet si vurdering ikkje vesentleg sett til side ved at det vert gjeve dispensasjon for omsøkt dobbeltnaust. Det vert her vektlagt at arealet som var avsett til dei to nausta i kommunedelplanen hadde ei ugunstig form som var lite tilpassa terrengtilhøva på staden, og at arealet som no vert omsøkt bygd på ikkje er større enn det som ligg inne som byggjeområde i kommuneplanen.

Ulempene er som følgjer:

Det er ei ulempe at det vert gjeve dispensasjon, då byggeforbodet i LNF område i utgangspunktet vert praktisert strengt.

Fordelane er som følgjer:

-Endring av plasseringa vil ikkje medføra ulemper for ålmenne interesser knytt til miljø, friluftslø, kulturminne, eller forringa kvaliteten til landskapet på staden, jf. dei omsyn LNF-føremålet på staden er meint å ivareta.

-Den omsøkte lokalisering vil medføra at ein unngår sprenging på sør og austsida av dobbeltnaustet.

-Den omsøkt plassering gjev nausta kontakt med vassflata ved høgvatn, så båtar lettare kan takast inn i nausta, slik at funksjonaliteten bygget skal ha knytt til båtbruk vert betre.

-Omsøkt lokalisering sikrar at det vert god tilkomst rundt dobbeltnaustet mot aust, ved at det vert større avstand til hytta på feste nr. 2.

-Dobbeltnaustet vil ikkje stenga vågen meir enn det 2 separate naust innafor det avsette arealet til naust i kommuneplanen ville ha gjort.

Utval for areal, plan og miljø vurderer difor at fordelane er klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Begge vilkåra for å kunna gje dispensasjon frå byggjeforbodet i LNF området i medhald av plan- og bygningslova sin § 19-2 er difor oppfylgd.

Utval for areal, plan og miljø viser til at etter pbl § 19-2 første ledd, så kan det setjast vilkår for dispensasjonen. I dette tilfellet meiner utvalet at det er rett å gje dispensasjon på bakgrunn av argumenta vist ovanfor utan vilkår.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **APM- 037/21 Vedtak:**

Klagen vert teke til følgje og vedtak i sak 20/19259, datert 17.12.2020 vert oppheva.

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå plan og bygningslova § 1-8, LNF-føremålet i Kommuneplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden 2011 – 2023 og § 4.34 i kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden 2011 – 2023 for oppføring av omsøkt dobbeltnaust.

Grunngjevinga for vedtaket om dispensasjon etter § 19-2 i plan- og bygningslova er at ein dispensasjon i denne saka ikkje vesentleg vil setja til side omsynet bak byggjeforbodet i LNF-området, samt at det ligg føre ei overvekt av fordelar i høve til ulemper knytt til tiltaket.

Grunngjeving:

Omsyna bak byggjeforbodet i LNF området er å ivareta landbruk, natur, landskap- og friluftsiinteresser, slik at desse arealinteressene ikkje vert forringa eller får redusert kvalitet. Omsyna bak byggjeforbodet i LNF-området vert etter utvalet si vurdering ikkje vesentleg sett til side ved at det vert gjeve dispensasjon for omsøkt dobbeltnaust. Det vert her vektlagt at arealet som var avsett til dei to nausta i kommunedelplanen hadde ei ugunstig form som var lite tilpassa terrengtilhøva på staden, og at arealet som no vert omsøkt bygd på ikkje er større enn det som ligg inne som byggeområde i kommuneplanen.

Ulempene er som følger:

Det er ei ulempe at det vert gjeve dispensasjon, då byggeforbodet i LNF område i utgangspunktet vert praktisert strengt.

Fordelane er som følger:

-Endring av plasseringa vil ikkje medføra ulemper for ålmenne interesser knytt til miljø, friluftsliv, kulturminne, eller forringa kvaliteten til landskapet på staden, jf. dei omsyn LNF-føremålet på staden er meint å ivareta.

-Den omsøkte lokalisering vil medføra at ein unngår sprenging på sør og austsida av dobbeltnaustet.

-Den omsøkt plassering gjev nausta kontakt med vassflata ved høgvatn, så båtar lettare kan takast inn i nausta, slik at funksjonaliteten bygget skal ha knytt til båtbruk vert betre.

-Omsøkt lokalisering sikrar at det vert god tilkomst rundt dobbeltnaustet mot aust, ved at det vert større avstand til hytta på feste nr. 2.

-Dobbeltnaustet vil ikkje stenga vågen meir enn det 2 separate naust innafor det avsette arealet til naust i kommuneplanen ville ha gjort.

Utval for areal, plan og miljø vurderer difor at fordelane er klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Begge vilkåra for å kunna gje dispensasjon frå byggjeforbodet i LNF området i medhald av plan- og bygningslova sin § 19-2 er difor oppfylgd.

Utval for areal, plan og miljø viser til at etter pbl § 19-2 første ledd, så kan det setjast vilkår for dispensasjonen. I dette tilfellet meiner utvalet at det er rett å gje dispensasjon på bakgrunn av argumenta vist ovanfor utan vilkår.

## **038/21: Klage på avslag på søknad om konsesjon - gbnr 219/1 Vike**

### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK**

Klagen vert ikkje teke til følgje og vedtak i sak 20/16020 datert 22.12.2020, vert sendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33.

## **Utval for areal, plan og miljø 10.03.2021:**

### **Behandling:**

Utvalsleiar Malin Andvik-Krf bad om å få vurdert sin habilitet i saka. Nestleiar Anne Grete Eide-Åp overtok møteleiinga. Utvalet gjorde samrøystes vedtak om at Malin Andvik-Krf er habil jf.forvalt.l. § 6 b, og ho held fram som møteleiar.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **APM- 038/21 Vedtak:**

Klagen vert ikkje teke til følge og vedtak i sak 20/16020 datert 22.12.2020, vert sendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd. Grunngevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33.

## **039/21: Klage på vedtak om dispensasjon frå kravet til detaljregulering og kravet om stenging av Lyngvegen- gbnr 188/385 Gjervik ytre**

### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK**

Klagen vert teke til følge og vedtak i sak 20/8216 datert 09.12.2020 vert gjort om og vedtak datert 23.07.2020 der det vart gjeve avslag på søknad om dispensasjon frå kravet om detaljregulering i føresegn 2.1.1 og kravet om stenging av Lyngvegen gjennom BS7 vert ståande.

Grunngevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. plan- og bygningslova § 19-2.



## **Utval for areal, plan og miljø 10.03.2021:**

### **Behandling:**

#### **Framlegg frå Malin Andvik-Krf:**

Saka vert utsett.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **APM- 039/21 Vedtak:**

Saka vert utsett.

## **040/21: Klage på avslag på søknad om dispensasjon og søknad om oppretting av ny grunneigedom - gbnr 355/4 Skjelanger**

Rådmannen sitt framlegg: Klagen vert ikkje teke til følgje og vedtak i sak 20/15674, datert 18.01.2021, vert sendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd. Grunngevinga går fram av saksutgreiinga. Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

## **Utval for areal, plan og miljø 10.03.2021:**

### **Behandling:**

#### **Fellesframlegg v/Ingrid Fjeldsbø-H:**

Klagen vert teke til følgje og vedtak i sak 20/15674, datert 18.01.21 vert gjort om

Med heimel i pbl § 19-2, vert det gjeve dispensasjon frå LNF- føremålet i gjeldande kommunedelplan for Meland for oppretting av ny grunneigedom frå GBNR 355/4

Grunngeving: Frådeling av ny grunneigedom vil ikkje på nokon måte ta i bruk jordbruksareal og såleis ikkje komme i konflikt med jordlova. Det er stor samfunnsnytte at garden blir drive i neste generasjon, det vera seg å halda busetnad oppe i distriktet, samt at bruket vert drifta med produksjon og i tillegg halda naturlandskapet i hevd.

Omsøkt tomt med bustad er ikkje ein bustad som er lausrive frå det bruket som det skal delast frå. Det er viktig for APM-utvalet at jordbruksdrifta i jordbruksområder vert halde i drift. For å ivareta gardsdrifta i dette tiltaket,

meiner APM-utvalet at i saker der det er generasjonskifte og 2.generasjon har utfordringar å drive åleine, ser APM-utvalet det som hensiktsmessig å få omsøkt tomta. Alternativet til ikkje å få til slike generasjonskifter er sannsynlegheiten nedlegging av drifta og attgroing av kulturlandskap. Det har ein sett tydeleg i andre saker, flotte gardsbruk som «rotnar på rot». Slik ynskjer ikkje APM-utvalet skal skje i Alver. Her ynskjer me velkommen dei som vil driva landbruket og me vil leggje til rette for gode generasjonskifter.

Arealoverføringa endrar heller ikkje tilhøva angående veg, vatn og avlaup. Etter ei samla vurdering er fordelane ved å gje dispensasjon klart større enn ulempene.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

### **APM- 040/21 Vedtak:**

Klagen vert teke til følgje og vedtak i sak 20/15674, datert 18.01.21 vert gjort om

Med heimel i pbl §19-2, vert det gjeve dispensasjon frå LNF- føremålet i gjeldande kommunedelplan for Meland for oppretting av ny grunneigedom frå GBNR 355/4

Grunngjeving: Frådeling av ny grunneigedom vil ikkje på nokon måte ta i bruk jordbruksareal og såleis ikkje komme i konflikt med jordlova. Det er stor samfunnsnytte at garden blir drive i neste generasjon, det vera seg å halda busetnad oppe i distriktet, samt at bruket vert drifta med produksjon og i tillegg halda naturlandskapet i hevd.

Omsøkt tomt med bustad er ikkje ein bustad som er lausrive frå det bruket som det skal delast frå. Det er viktig for APM-utvalet at jordbruksdrifta i jordbruksområder vert halde i drift. For å ivareta gardsdrifta i dette tiltaket, meiner APM-utvalet at i saker der det er generasjonskifte og 2.generasjon har utfordringar å drive åleine, ser APM-utvalet det som hensiktsmessig å få omsøkt tomta. Alternativet til ikkje å få til slike generasjonskifter er sannsynlegheiten nedlegging av drifta og attgroing av kulturlandskap. Det har ein sett tydeleg i andre saker, flotte gardsbruk som «rotnar på rot». Slik ynskjer ikkje APM-utvalet skal skje i Alver. Her ynskjer me velkommen dei som vil driva landbruket og me vil leggje til rette for gode generasjonskifter. Arealoverføringa endrar heller ikkje tilhøva angående veg, vatn og avlaup. Etter ei samla vurdering er fordelane ved å gje dispensasjon klart større enn ulempene.

**041/21: Klage på avslag på søknad om dispensasjon og søknad om oppføring av båtgarasje med bod - gbnr 102/9 Vabø**

## **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK**

Klagen vert ikkje teke til følgje og vedtak i sak 20/14332, datert 09.12.2020, vert sendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

## **Utval for areal, plan og miljø 10.03.2021:**

### **Behandling:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **APM- 041/21 Vedtak:**

Klagen vert ikkje teke til følgje og vedtak i sak 20/14332, datert 09.12.2020, vert sendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

## **042/21: Klage på avslag på søknad om dispensasjon for støypt båtopptrekk - gbnr 172/1 Hopland**

## **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK**

Klagen vert ikkje teke til følgje og vedtak i sak 20/13642, datert 05.01.2021, vert sendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

### **Utval for areal, plan og miljø 10.03.2021:**

#### **Behandling:**

#### **Framlegg frå Ingrid Fjeldsbø-H:**

Klagen vert teke til følgje og vedtak i sak 20/13642, datert 05.01.21 vert gjort om.

Med heimel i pbl §19-2 vert det gjeve dispensasjon frå byggje-og deleforbudet i strandsona, jfr §1-8, for rehabilitering av båtopptrekk.

Grunngjeving: Tiltaket er ikkje eit nytt tiltak, men rehabilitering av eit allereie eksisterande båtopptrekk som tidlegare var støypt, men delar ev det er rast ut. Det er ikkje søkt om terrengendring, då det ligg i sjø.

APM-utvalet ser at det er positivt at ein reparerer og og rustar opp gamle, utdaterte båtslipp. Fleire i bygda har stor nytte av båtslippen, då det ikkje finns mange slike båtslipp for folk flest, det blir såleis eit fleirbruksanlegg. Det er mogeleg for båteigarar å koma til sjøen med båtane sine og tiltaket vil åpna strandsona for ålmenta for meir enn bading og vassing, samt menneske med nedsatt funksjonsevne har då lettare å koma seg ut i sjøen.

I eit miljøperspektiv er det særst positivt at ein ikkje treng å reisa langt for å få båten opp på hengar, då næraste båtslipp ligg fleire mil frå dette.

Slik APM ser det, vil dette vera ei fellesløyving for området og båtsleppet vil ikkje kome i konflikt med strandområdet, då nausta ligg på andre sida av elva,

APM ser at fordelane med å gje dispensasjon for reparasjon av det gamle båtsleppet er klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **APM- 042/21 Vedtak:**

Klagen vert teke til følgje og vedtak i sak 20/13642, datert 05.01.21 vert gjort om.

Med heimel i pbl §19-2 vert det gjeve dispensasjon frå byggje-og deleforbudet i strandsona, jfr §1-8, for rehabilitering av båtopptrekk.

Grunngjeving: Tiltaket er ikkje eit nytt tiltak, men rehabilitering av eit allereie eksisterande båtopptrekk som tidlegare var støypt, men delar ev det er rast ut. Det er ikkje søkt om terrengendring, då det ligg i sjø.

APM-utvalet ser at det er positivt at ein reparerer og og rustar opp gamle, utdaterte båtslipp. Fleire i bygda har stor nytte av båtslipppet, då det ikkje finns mange slike båtslipp for folk flest, det blir såleis eit fleirbruksanlegg. Det er mogeleg for båteigarar å koma til sjøen med båtane sine og tiltaket vil åpna strandsona for ålmenta for meir enn bading og vassing, samt menneske med nedsatt funksjonsevne har då lettare å koma seg ut i sjøen.

I eit miljøperspektiv er det særst positivt at ein ikkje treng å reisa langt for å få båten opp på hengar, då næraste båtslipp ligg fleire mil frå dette.

Slik APM ser det, vil dette vera ei fellesløyising for området og båtsleppet vil ikkje kome i konflikt med strandområdet, då nausta ligg på andre sida av elva,

APM ser at fordelane med å gje dispensasjon for reparasjon av det gamle båtsleppet er klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

### **043/21: Kulturminner i Alversund - løe og lemstove**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret ber rådmannen gjere følgande endringar i oppfølginga av bevaring av lemstova knytt til Alversund skule prosjektet.

- 1) Søke dispensasjon frå kravet om å gjenreise lemstova
- 2) Selje/gje vekk lemstova
- 3) Jobbe vidare med moglege løysingar for å bevare og nytte løa

Kommunestyret vedtek å flytte 4,3 millionar kroner, opphøveleg avsett til å oppfylle rekkefølgekrava innan kulturminnevern i områdeplan for Alversund, til prosjekt for løa på Nedre Alver. Dette føreset at det er gitt dispensasjon frå kravet om å gjenreise lemstova.

### **Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.03.2021:**

#### **Behandling:**

Orientering til saka v/Inger Marie Jordal-prosjekteiar  
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **OKK- 010/21 Vedtak:**

#### **Uttale frå OKK - 09.03.2021:**

Ingen merknader.

## **Utval for areal, plan og miljø 10.03.2021:**

### **Behandling:**

#### **Fellesframlegg v/Malin Andvik-Krf:**

##### **Endringsframlegg:**

Endring av punkt 3. Areal plan og miljø ber om at det kommer opp en egen sak på moglege løysningar for å bevare og nytte lòa med nødvendige kostnadoverslag.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Rådmannen sitt framlegg med endringsframlegg vart samrøystes vedteke.

#### **APM- 043/21 Vedtak:**

##### **Uttale frå APM - 10.03.2021:**

Endring av punkt 3. Areal plan og miljø ber om at det kommer opp en egen sak på moglege løysningar for å bevare og nytte lòa med nødvendige kostnadoverslag.

## **044/21: Meldingar og orienteringar til APM - 10.03.2021**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Meldingar og orienteringar vert teke til orientering.

## **Utval for areal, plan og miljø 10.03.2021:**

### **Behandling:**

Meldingar og orienteringar som vart gjeve i møtet:

1. Strategi tildeling SMIL-midlar v/rådgjevar Laila Bjørge
2. Rapport om hjortejakta v/rådgjevar Mikkel Bengtsson
3. Orientering om Knarvikplan v/Hogne Haugsdal-kommunalsjef/ Siril Sylta-tenesteleiar Arealforvaltning/ Arne Eikefet-rådgjevar Næring og utvikling/ Line Merete Valle-leiar for Investeringsprosjekt

### Meldingar frå APM:

Malin Andvik-Krf informerte om stor møtevirksomhet mellom APM-møtene. Utvalet vil i nær framtid få ei grundig gjennomgang av E39. I møtet merka ho seg landbruk versus arealspørsmål i dispensasjonssaker, dette skal utvalet bruke god tid på, gjerne ein temadag.

Merknad frå Ingrid Fjeldsbø-H: Ønsker å få oversikt over kven som jobbar kvar innan arealforvaltning. Marianne A. Sandvik-avd.leiar Plan og byggesak svarte at i neste møte den 24.mars vert det ei orientering om saker og resultatet for 2020, her vil ein samtidig ta inn organiseringa av Arealforvaltning.

Merknad frå Sveinung Toft-V: Vil sjå kven som er sakshandsamar på alle saker. Siril Sylta-tenesteleiar Arealforvaltning svarte at dette vert teke opp med politisk sekretariat.

Merknad frå Malin Andvik-Krf etterlyser ein felles plattform for å finne orienteringar/presentasjonar som utvalet har fått.

Saka vert teke til orientering, samrøystes.

### **APM- 044/21 Vedtak:**

Meldingar og orienteringar vert teke til orientering.

### **045/21: Rullering av planstrategi 2020 - 2023 Alver kommune**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

Alver kommunestyre godkjenner framlegg til endringar i planstrategi 2020 -2023 for Alver kommune.

### **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 08.03.2021:**

#### **Behandling:**

Ingen merknader, samrøystes.

**RMNF- 010/21 Vedtak:**

Ingen merknader.

**Eldreråd 08.03.2021:**

**Behandling:**

Det vart sett fram følgjande framlegg til uttale i møtet:

*Eldrerådet sluttar seg til rådmannen sitt framlegg med følgjande merknad: Eldrerådet etterlyser synlegheit i planane for dei ulike nærsentra i Alver kommune. Områdeplan for nærområdet Lindås, som vart overført frå Lindås kommune til nye Alver, er ikkje synleg i den presenterte planen.*

Eldrerådet vedtok samrøystes framlegget sett fram i møtet.

**ER- 012/21 Vedtak:**

Eldrerådet kjem med følgjande uttale:

Eldrerådet sluttar seg til rådmannen sitt framlegg med følgjande merknad: Eldrerådet etterlyser synlegheit i planane for dei ulike nærsentra i Alver kommune. Områdeplan for nærområdet Lindås, som vart overført frå Lindås kommune til nye Alver, er ikkje synleg i den presenterte planen.

**Ungdomsråd 08.03.2021:**

**Behandling:**

Orietering i saka under felles orienteringsmøte for RMNF, UR og ER

**UR- 013/21 Vedtak:**

Tatt til orientering

Samrøystes vedteke

**Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.03.2021:**

**Behandling:**

Hogne Haugsdal-kommunalsjef orienterte og svarte på spørsmål.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**OKK- 011/21 Vedtak:**



**Uttale frå OKK - 09.03.2021:**

Ingen merknader.

**Utval for helse og omsorg 09.03.2021:****Behandling:**

Utvalsleiar Ståle Hauge-AP sette fram følgjande framlegg til uttale frå HO i sak om Planstrategi i Alver kommune:

*Forslag til Planstrategi inneheld eit eige punkt om temaplanar der enkelt temaplanar er tatt med vidare. Dersom punkt 3. Temaplanar i Planstrategien skal vera eit eige punkt, ønskjer HO at plan for RUS-politisk plan vert tatt inn att i punkt 3.*

Framlegget frå utvalsleiaren vart sett opp mot rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Rådmannen sitt framlegg fekk 0 røyster og fall.

Utvalsleiaren sitt framlegg fekk 7 røyster og vart vedteke.

**HO- 010/21 Vedtak:**

Utval for helse og omsorg kjem med følgjande uttale i sak om Planstrategi i Alver kommune:

Forslag til Planstrategi inneheld eit eige punkt om temaplanar der enkelt temaplanar er tatt med vidare. Dersom punkt 3. Temaplanar i Planstrategien skal ver eit eige punkt, ønskjer HO at plan for RUS-politisk plan vert tatt inn att i punkt 3.

**Utval for areal, plan og miljø 10.03.2021:****Behandling:**

Orientering i saka v/Kristin Nåmdal-tenesteleiar Plan og analyse

**Framlegg frå Leif Taule-Sp:**

Områdeplan for Bøvågen vert lagt inn i strategiplanen.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**Framlegg frå Ingrid Fjeldsbø-H:**

1. Ny områdeplan Lindås
2. Sambandet vest tæs inn
3. Ruspolitisk plan tæs inn
4. Landbruksplan tæs inn
5. Digitaliseringsplan tæs inn
6. Områdeplan Bøvågen

Framlegget vart røysta over punkt for punkt:

1. Ny områdeplan Lindås

Framlegget vart samrøystes vedteke.

*2. Sambandet vest taes inn*

Framlegget vart vedteke med 6 røyster (Heine Fyllingsnes-H, Leif Taule-Sp, Anne Grete Eide-Ap, Kenneth Murberg-H, Ingrid Fjeldsbø-H, Malin Andvik-Krf)

*3. Ruspolitisk plan taes inn*

Framlegget vart vedteke med 8 røyster, mot 1 røyst (Leif Taule-Sp)

*4. Landbruksplan taes inn*

Framlegget vart samrøystes vedteke.

*5. Digitaliseringsplan taes inn*

Framlegget vart samrøystes vedteke.

*6. Områdeplan Bøvågen*

Framlegget vart tatt vekk.

**Framlegg frå Sveinung Toff-V:**

**Sveinung Toff-V trekte seinare punkt A. i framlegget sitt.**

A. Områdeplan for Midtmarka/Flatøy vert teke ut av planstrategidokumentet. Grunngeving:

1. Prioritere plankapasitet. Kommunen er i oppstarten med nye, overordna planar som skal samordna planane frå dei tre samanslåtte kommunane. Dette vert eit krevjande arbeid, som bør ha fullt fokus og som plankapasiteten heller bør prioriterast til.
2. Alver kommune bør prioritere planar for å ta heile kommunen i bruk før nye planar sentralt.
3. Logisk og effektiv planrekkefølge. Kommunen sine overordna areal- og samfunnsplan må på plass før ein kan jobba vidare ned denne planen. Ny kommuneplan sin arealdel for Alver er ikkje på plass før hausten 2023.
4. Området i og ved Midtmarka er ikkje definert som eit nytt lokalsenter eller regionsenter i intensjonsavtalen for Alver kommune. Ein kystlandsby vil konkurrera med Knarvik og øydeleggja for utviklinga av eit konsentrert og miljøvenleg regionsenter.
5. Fylkesutvalet i Vestland fylkeskommune har med stort fleirtal (12 røyster mot 5 frå Høgre og FrP) i møte den 30.04.2020 fremja motsegn mot planen.
6. Alver kommune må ta vare på verdifulle natur og friluftsområde, og ikkje byggja dei ned.

B. Planarbeidet for Sambandet Vest vert avslutta.

Grunngeving:

Prosjektet vil kosta milliarder, øydeleggja flott kystlandskap, og samfunnsnytten vil vera svært låg.

C. Alver kommune startar opp arbeid med kommunedelplan for biologisk mangfald og nykartlegging av verdifull natur- og viltområder.

Grunngeving, det er viktig å ta vare på biologisk mangfald.

D. Kommundelplan for klima og miljø må starta opp i 2022.  
E. Eigen kommunedelplan for trafikktryggleik må startast opp i 2022.  
Grunngjeving: Trafikktryggleik må drøftast i eigen plan og ikkje bakast inn i ein eigen plan for kommunale vegar.

Framlegget vart røysta over punkt for punkt:

*B. Planarbeidet for Sambandet Vest vert avslutta.*

*Grunngjeving:*

*Prosjektet vil kosta milliarder, øydeleggja flott kystlandskap, og samfunnsnyttan vil vera svært låg.*

Framlegget fekk 4 røyster og fall (Jon Vidar Sakseide-Krf, Ståle Hopland-Uavh, Leif Taule-Sp, Sveinung Toft-V)

*C. Alver kommune startar opp arbeid med kommunedelplan for biologisk mangfald og nykartlegging av verdifull natur- og viltområder.*

*Grunngjeving, det er viktig å ta vare på biologisk mangfald.*

Framlegget fekk 2 røyster og fall (Ståle Hopland-Uavh, Sveinung Toft-V)

*D. Kommundelplan for klima og miljø må starta opp i 2022.*

Framlegget fekk 3 røyster og fall (Ståle Hopland-Uavh, Sveinung Toft-V, Leif Taule-Sp)

*E. Eigen kommunedelplan for trafikktryggleik må startast opp i 2022.*

*Grunngjeving: Trafikktryggleik må drøftast i eigen plan og ikkje bakast inn i ein eigen plan for kommunale vegar.*

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Rådmannen sitt framlegg med tilleggsframlegg vart samrøystes vedteke.

#### **APM- 045/21 Vedtak:**

##### **Uttale frå APM - 10.03.2021:**

Alver kommunestyre godkjenner framlegg til endringar i planstrategi 2020 - 2023 for Alver kommune med slik endring:

- 1.Områdeplan for Bøvågen vert lagt inn i strategiplanen.
- 2.Ny områdeplan Lindås
- 3.Sambandet vest tæs inn
- 4.Ruspolitisk plan tæs inn
- 5.Landbruksplan tæs inn
- 6.Digitaliseringsplan tæs inn

7.Eigen kommunedelplan for trafikktryggleik må startast opp i 2022.  
Grunngjeving: Trafikktryggleik må drøftast i eigen plan og ikkje bakast inn i ein eigen plan for kommunale vegar.

**Utval for næringsutvikling og drift 10.03.2021:**

**Behandling:**

Utvalsleiar Stian Lavik-KRF sette fram følgjande tilleggsframlegg til uttale:  
Utval for næringsutvikling og drift kjem med følgjande uttale i sak Rullering av planstrategi Alver kommune 2020-2023:  
Utval for næringsutvikling og drift ynskjer at det blir lagt opp til ein eigen landbruksplan og ein eigen plan for digitalisering.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke  
Utvalsleiaren sitt tilleggsframlegg vart samrøystes vedteke.

**ND- 030/21 Vedtak:**

Utval for næringsutvikling og drift kjem med følgjande uttale:  
Alver kommunestyre godkjenner framlegg til endringar i planstrategi 2020 - 2023 for Alver kommune.  
Utval for næringsutvikling og drift kjem med følgjande uttale i sak Rullering av planstrategi Alver kommune 2020-2023:  
Utval for næringsutvikling og drift ynskjer at det blir lagt opp til ein eigen landbruksplan og ein eigen plan for digitalisering.